Human-Etisk Forbund

Sak 05/26

# Organisasjonsform for Indre Sogn lokallag

## Bakgrunn

Indre Sogn har over tid hatt utfordringar med å rekruttere styre og sikre stabil drift. Samstundes finst det engasjerte medlemmar og behov for møteplassar og aktivitet lokalt.

Indre Sogn er per i dag det einaste formelle lokallaget i Sogn og Fjordane. Dei andre områda i regionen er organiserte som medlemsområde utan formalkrav.

Årsmøtet må difor ta stilling til kva organisasjonsform som er mest berekraftig framover.

Dette handlar om struktur – ikkje om å leggje ned aktivitet.

## Alternativ A – Vidareføring som formelt lokallag

Lokallaget held fram med eige styre, årsmøte og ansvar for lokal drift.

### Fordelar

- Lokal forankring og eigarskap
- Tydleg ansvar og kontaktpunkt
- Moglegheit for lokal profil og initiativ
- Større sjølvstende

### Utfordringar

- Krev rekruttering til styreverv
- Administrativt ansvar (økonomi, møte, rapportering)
- Risiko for at arbeidet stoppar opp dersom styret fell bort

## Alternativ B – Medlemsområde utan formalkrav

Indre Sogn blir organisert som medlemsområde, følgt opp av regionstyret.

Det vil då vere behov for minst éin lokal kontaktperson som kan vere bindeledd mellom medlemmene og regionstyret.

### Fordelar

- Mindre administrativ belastning

- Aktivitet kan gjennomførast av utval eller enkeltpersonar utan krav om fullt styre
- Regionstyret tek formelt ansvar
- Fleksibel modell tilpassa faktisk aktivitetsnivå

### Utfordringar

- Mindre lokal sjølvstende
- Mindre formell struktur lokalt
- Risiko for svakare ansvarskjensle dersom rollene ikkje er tydelege
- Initiativ kan i større grad bli regionstyrt

---

## Felles for begge alternativ

- Medlemmene er framleis del av HEF
- Det kan arrangerast aktivitet lokalt
- Medlemmene vel delegatar til regionårsmøtet
- Ingen mister medlemskap eller rettar

---

## Kva bør vektleggast?

Årsmøtet bør vurdere:

- Har vi realistisk grunnlag for å velje og halde ved like eit styre?
- Kva gir størst sjanse for faktisk aktivitet?
- Kva modell gir mest berekraft over tid?

---

Målet er ikkje å velje «riktig» modell, men den modellen som fungerer i praksis.

---

## Styret si vurdering og tilråding

Styret meiner at utfordringane med rekruttering og stabil drift tilseier at ein modell utan formalkrav vil vere mest berekraftig i dagens situasjon.

Ein organisering som medlemsområde, med oppfølging frå regionstyret og ein lokal kontaktperson, vil kunne sikre vidare aktivitet utan at lokallaget vert avhengig av eit fullt fungerande styre.

Styret tilrår difor at Indre Sogn blir organisert som medlemsområde utan formalkrav.